

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Kallekleiv	FE - 231	14/1138

Saknr	Utval	Type	Dato
117/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014
	Kommunestyret	PS	

### Kommunale avgifter for 2015 - Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Gebysatsar (eks mva.) for vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer i Masfjorden kommune i 2015:**

<b>Årsavgift vatn 2015</b>	Differensiering i prosent	Gebyr kr
Minimumsgebyr årsavgift		5 250
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret	
Vatn inn i bygning, pris pr. m3		12
Fastavgift vassmålar		2 090
<b>Tilknytingsavgift vatn 2015</b>		
Minimumsgebyr tilknytning		17 000
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter større enn 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 - 1000m2	200% av minimumsgebyret	
<b>Årsavgift avlaup 2015</b>		
Minimumsgebyr årsavgift		2940
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret	
Vatn ut av bygning, pris pr. m3		14
<b>Tilknytingsavgift avlaup 2015</b>		
Minimumsgebyr tilknytning		21 000
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret	

Bustader og hytter større enn 70 m2	100 %	av	
	minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	50 %	av	
	minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	100 %	av	
	minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	200%	av	
	minimumsgebyret		
<b>Slamgebyr private</b>	(uendra frå 2014)		747
<b>Slamgebyr pr. m3 frå kommunale avskiljarar</b>	(uendra frå 2014)		301
<b>Feiing/Branntilsyn</b>			460

### Heimel

Forureiningslova §25, §34

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3

Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn §7-5

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Dei kommunale avgiftene vert normalt justert årleg – og utgangspunktet er at kommunen skal søkje ein balanse der avgifter dekkjer kostnader til investering, drift og vedlikehald av vassanlegg, avløpsanlegg, slamtømming og feiing.

#### Fakta

Prisane i Masfjorden kommune er generelt høge samanlikna med våre nabokommunar. Justeringa på ca. 2,2 % som er foreslått for 2015 ligg likevel lågare enn den generelle prisstigninga.

#### Vurdering

Det er naturleg at avgiftsnivået i Masfjorden kommune ligg nær gjennomsnittet for Nordhordland. Samtidig er erfaringa at det er vanskeleg å finansiere dei aktuelle tenestene gjennom sjølvkostprinsippet med det avgiftsnivået. Det betyr at tenestene delvis må finansierast på annan måte. Det er reelt mogeleg å oppnå sjølvkost innafor feiing og avløp på sikt, men innafor vassforsyninga er det truleg ikkje realistisk då investeringane er store i høve til talet på brukarar. Tilknytingsavgifta for vatn og avløp bør ikkje stige for mykje då nivået allereie er høgt samanlikna med nabokommunane. Det kan potensielt få konsekvensar for busetjinga i kommunen

Tenester frå NGIR står i ei litt anna stilling då sjølvkost ligg til grunn i avtalen NGIR har med den enkelte kommune. Ballanse i rekneskapen over tid er ein føresetnad. For 2015 vedtok representantskapet i NGIR å ikkje endre gebyrsats for slam. Dette fører til eit berekna underskot i høve til sjølvkost på kr. + 1 173 942 for 2015. Det er ikkje markant i høve til sjølvkost for heile ansvarsrådet til NGIR. For å dekke opp underskotet vil NGIR nytte utjamningsfondet som pr. 01.01.2013 er berekna til kr. + 2 816 180,-

Administrasjonen rår difor til at gebyrsats for slam i Masfjorden kommune blir uendra for 2015.

#### Konklusjon

Administrasjonen si vurdering er at eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i

forhold til omliggjande kommunar – ikkje vil ha merkbare konsekvensar for busetnad og tilflytting til kommunen. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera dramatiske – og i tillegg vera godt kjent (evt. marknadsført). Masfjorden kommune bør over dei næraste åra normalisere sitt avgiftsnivå i høve til kommunane i Nordhordland. Utfordringa er likevel å finansiere dette gjennom sjølvkostprinsippet.

### **Formannskapet - 117/2014**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta

**Frode Langhelle, H**, la fram følgjande framlegg til endring av framlegg til vedtak:

Alle gebyrsatsar når det gjeld årsavgift vatn vert uendra i forhold til 2014.

#### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med framlegg frå H vert samrøystes vedteke

#### **FS - vedtak:**

**Alle gebyrsatsar når det gjeld årsavgift vatn vert uendra i forhold til 2014.**

**Gebyrsatsar (eks mva.) for vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer i Masfjorden kommune i 2015:**

<b>Årsavgift vatn 2015</b>	Differensiering i prosent	Gebyr kr
Minimumsgebyr årsavgift		5 250
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret	
Vatn inn i bygning, pris pr. m <sup>3</sup>		12
Fastavgift vassmålar		2 090
<b>Tilknytingsavgift vatn 2015</b>		
Minimumsgebyr tilknytning		17 000
Bustadar og hytter 0 - 70 m <sup>2</sup>	50 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter større enn 70 m <sup>2</sup>	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m <sup>2</sup>	50 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m <sup>2</sup>	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m <sup>2</sup>	200% av minimumsgebyret	
<b>Årsavgift avlaup 2015</b>		
Minimumsgebyr årsavgift		2940
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret	

Vatn ut av bygning, pris pr. m3		14
<b>Tilknytingsavgift avlaup 2015</b>		
Minimumsgebyr tilknytning		21 000
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter større enn 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	200% av minimumsgebyret	
<b>Slamgebyr private</b>	(uendra frå 2014)	747
<b>Slamgebyr pr. m3 frå kommunale avskiljarar</b>	(uendra frå 2014)	301
<b>Feiing/Branntilsyn</b>		460

### **Heimel**

Forureiningslova §25, §34

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3

Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn §7-5